

# Rapport etter tilsyn

Rapport	
Rapporttittel <b>Tilsyn med styring av aktiviteter og drift på Nyhamna</b>	Aktivitetsnummer 003913005
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Unntatt offentlegheit	<input type="checkbox"/> Fortruleg
<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg	
Involverte	
Hovudgruppe T-L	Oppgåveleiar Trond Sundby
Deltakarar i revisjonslaget Arne Johan Thorsen, Arnt Heikki Steinbakk, Trond Sundby	Dato 16.12.2020

## 1 Innleiing

Vi gjennomførte eit tilsyn med Gassco og Shell med styring av aktiviteter og drift på Nyhamna. Tilsynet vart gjennomført på anlegget med presentasjonar, samtalar og verifikasjonar 1.-3. desember 2020.

## 2 Bakgrunn

Tilsynet er forankra i Arbeids- og sosialdepartementet sitt tildelingsbrev til Petroleumstilsynet, kapittel 3.1 om at risikoen for storulykker i petroleumsverksemda skal reduserast. Bakgrunnen for aktiviteten er blant anna tidlegare oppfølgingsaktivitetar og erfaringar med Nyhamna landanlegg.

Tilsynet vil sette fokus på styring av risiko både i den daglege driftssituasjonen, i forhold til innsats og handling i ekstraordinære situasjonar, og på korleis dette blir sett inn i et barriereperspektiv.

## 3 Mål

Målet med tilsynet er å verifisere at det på Nyhamna er etablert nødvendige barrierar, og at det er eit system for styring av risiko i driftssituasjonen.

## 4 Resultat

### 4.1 Generelt

Tilsynet vart gjennomført med presentasjonar, samtalar og verifikasjonar på anlegget der det var ein kombinasjon av fysiske samtalar, verifikasjonar og videokonferanseløysingar. I tilsynet deltok vi og på ein møteserie knytt til drift av anlegget frå morgonen av og utover dagen.

### 4.2 Oppfølging av avvik

Det var identifisert avvik frå to tidlegare tilsyn som var aktuelle for oppfølging i dette tilsynet. Det var framleis oppfølging av avvik knytt til begge tilsyna og det var aksjonar frå tilsyna knytt til desse avvika som hadde lenger horisont enn tidspunktet for dette tilsynet. Vi har likevel gjort delvise verifikasjonar av desse avvika.

*Tilsyn med materialhåndtering, herunder kran og løft, arbeid i høyden, stillas, og tilkomstteknikk (TT) på Nyhamna 11.-14. mars 2019 – aktivitet 003913007 (2019/106)*

- 5.1.1 Vedlikehold av ståtau– Det har vore kommunikasjon i denne saka siste året. Det er etablert inspeksjonsrutinar og det er inspisert i 2020. Noko testing/inspeksjon gjenstår, men vi har fått muntleg tilbakemelding på at vedlikehaldsinstruks er oppretta i SAP
- 5.1.2 Undersøkelse og gransking – Det var kommentarar til Shell sin granskingsmetodikk. Vi gjekk gjennom den aktuelle metodikken i tilsynet med eit konkret eksempel. Det var og noko diskusjon rundt spesifikke granskingsrapportar som vi ikkje hadde kompetanse til å vurdere i tilsynet.
- 5.1.3 Kompetanse, stillasbruk – det vart gjort verifikasjonar i kompetansestyrings- og vedlikehaldssystem på opplæring og kompetanse.

*Tilsyn med styring av arbeidsmiljørisiko og tilrettelegging for arbeidstakermedvirkning, samt storulykketilsyn på Nyhamna 12.-14. november 2019 – aktivitet 003913005 og 003913002 (2020/288).* Dette tilsynet var ikkje avslutta og det var framleis sakshandsaming knytt til det.

- 5.1.1 Analyser av arbeidsmiljøet – Vi gjorde spesifikke verifikasjonar av pågåande arbeid på TEG regenereringstog og observerte at det og var fokus på arbeidsmiljørisikoar i gjennomføringa av arbeidet.
- 5.1.2 Samlet vurdering av arbeidsmiljørisiko – Vi gjekk ikkje direkte inn i Health Risk Assessment rapport i tilsynet, men observerte gjennom verifikasjonar og møtedeltaking at arbeidsmiljøfaktorar og var ein del av risikovurderingane knytt til planlegging og prioritering av dagleg drift, vedlikehald og prosjekt.
- 5.1.3 Representasjon mellom arbeidsgiver- og arbeidstakersiden i arbeidsmiljøutvalget – dette fekk vi muntleg tilbakemelding på at var avklart.

Vi vurderer Gassco og Shell si oppfølging av avvika som tilfredsstillande og i tråd med deira svar på tilsynsrapportar.

## 5 Observasjonar

Vi har to hovudkategoriar av observasjonar:

*Avvik*: Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfyljing av regelverket.

*Forbetringspunkt*: Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfyljing av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

### 5.1 Avvik

Det vart ikkje påvist nokre avvik i tilsynet.

### 5.2 Forbetringspunkt

#### 5.2.1 Organisering

##### **Forbetringspunkt**

Vurdering av relevante parametrar for omorganisering og kompetanse tilgjengeleg ser ut til å vere mangelfull.

##### **Grunngjeving**

Vi har i tidlegare tilsyn og i dette tilsynet blitt informert om pågåande omorganiseringar over fleire år i Shell. Dette er prosessar som er krevjande for organisasjonen som drifrar anlegget og for støttefunksjonar på Nyhamna og andre lokasjonar. Det er og krevjande både for leiinga, for arbeidstakarar og for verneteneste. I prosessar med omorganisering er det sentralt at nødvendige arbeidsoppgåver og arbeidsomfang blir identifisert og at det blir teke omsyn til faktiske årsverk i organisasjonen. Det er funksjonar/rollar ved Nyhamna og for støttefunksjonar der personell ikkje får kompensert for timar arbeida utover normal arbeidstid. Det er per i dag ikkje eit system for å registrere reelt arbeida timar for kvar funksjon.

Omorganiseringsprosessar kan skape usikkerheit blant arbeidstakarar og i organisasjonen. Pågåande prosessar kan stille krav til tilgjengelege ressursar innan personellhandtering, organisasjonskompetanse, personaloppfølging og liknande. Gjennom tilsynet fekk vi ei oppfatning av at det kan vere meir krevjande å nytte ressursar som ikkje er fysisk på anlegget. I tillegg kan det og vere språklege utfordringar som kan gi redusert bruk av slike funksjonar og eventuelle mistydingar.

##### **Krav**

Styringsforskrifta § 14 om bemanning og kompetanse, jamfør rammeforskrifta § 12 om organisasjon og kompetanse

## 5.2.2 Dokumentasjon av arbeidsmiljøforhold og oppfølging av leverandører

### Forbetringspunkt

Dokumentasjon av arbeidsmiljøforhold og oppfølging av leverandører ser ut til å vere mangelfull.

### Grunngjeving

Ved verifikasjon i anlegget observerte vi pågåande arbeid i B460 kompressorbygg knytt til overflatebehandling på kompressor i drift. Vi vart i tilsynet informert om støymålingar gjort i både kompressorhus B460 og B470 i august 2020. Støybildet i B460 varierer sterkt med kvar ein er i kompressorhuset og driftsmodus for kompressor. Målingane frå august 2020 viser relativt høge støynivå, men i følgje Shell medførte det ikkje krav om nokon særskilde tiltak med omsyn på avgrensingar i opphald / arbeidstid.

Vi etterspurde i tilsynet ei totalvurdering av støy i rommet og eigenindusert støy. Det vart forklart at ein i periodar var utstyrt med støydosimeter og at det var eit dynamisk støybilette i området, men i følgje Shell var ikkje nye offisielle støymålingar utført før 24. november 2020. Dei viste betydeleg høgare støynivå enn målingane frå august og vil for arbeid i enkelte områder medføre begrensingar i opphald / arbeidstid. Det var på tilsynstidspunktet uklart korleis støymålingane var handsama formelt i Shell og korleis dei aktuelle krava vart synleggjort og nytta i planlegging, utføring og oppfølging av jobbar. I tilsynet ba vi om ei forklaring på korleis Shell sikrar seg og følgjer opp at leverandører jobbar i henhold til aktuelle krav til støy som gjeld og korleis eventuelle begrensingar i opphald blir dokumentert. Vi mottok ikkje noko dokumentasjon på dette i tilsynet.

### Krav

Rammeforskrifta § 18 om kvalifisering og oppfølging av andre deltakere

Styringsforskrifta § 15 om informasjon

Styringsforskrifta § 21 om oppfølging

## 5.2.3 Styring av aktivitetar

### Forbetringspunkt

Styring og planlegging av aktivitetar ser ut til å vere mangelfull

### Grunngjeving

Gjennom presentasjonar, deltaking i møter, verifikasjonar i styringssystem og samtalar gjekk vi gjennom styring av aktivitetar på kort og lengre sikt, både driftsoppgåver og prosjekt. Det vart vist redusert planoppnåing for veka før tilsynet. Vi observerte flytting av enkelte aktivitetar i tid. Redusert planoppnåing viste seg å ikkje berre vere knytt til veka før tilsynet. Ut i frå informasjon vi fekk i tilsynet så er det erfaringar med redusert planoppnåing på hausten framfor tidlegare på året.

Norske Shell har hatt og har ein ambisjon om å ha ein forutsigbar arbeidskvardag. Uforutsette hendingar, ujamn arbeidsbelastning og redusert planoppnåing kan gjere det utfordrande å oppnå dette målet.

### **Krav**

Teknisk og operasjonell forskrift § 55 om planlegging jamfør styringsforskrifta §12 om planlegging

## **5.2.4 Avsperring av område**

### **Forbetringspunkt**

Barrierar og sikkerheitsskilting ser ut til å vere mangelfull

### **Grunngjeving**

Ved verifikasjon i anlegget observerte vi avsperringar med sperreband i bygg B340. Det var pågåande arbeid på elektromotor og den var stengt ned. Ved enkelte stillasoppgangar/-entringar hang det sperreband over rekkverk som advarte mot høyspenning. Ved andre stillasoppgangar/-entringar var denne merkinga delvis fjerna ved at den var løsna i eine enden og muleg å passere forbi sperringen. Vi vart informert om at utføringa av sperringa ikkje var i samsvar med krav til sperringar i Shell.

### **Krav**

Styringsforskrifta § 5 om barrierer

Teknisk og operasjonell forskrift § 13 om sikkerhetsskilting

## **6 Deltakarar frå oss**

Arne Johan Thorsen	fagområde prosessintegritet
Arnt Heikki Steinbakk	fagområde logistikk og beredskap
Trond Sundby	fagområde konstruksjonssikkerheit (oppgåveleiar)

## **7 Dokument**

Følgjande dokument vart nytta under planlegginga og gjennomføringa av tilsynet:

- Presentasjonar vist i tilsynet
- 90 dagar plan for aktivitetar på Nyhamna frå veke 47

## **Vedlegg A - oversikt over personell i tilsynet**